



Til

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/4290 - 14/11384

Saksbehandlar:
Sverre Eikanger
Sverre.Eikanger@lindas.kommune.no

Dato:
12.05.2014

Innbyding til førskuledagar



Det er alt lenge sidan du var på skulen og vart innskriven i februar.

No er det er snart sommar og tida er komen då me på Seim skule vil invitera deg til ein førskuledag. Me ønskjer at du møter på skulen



Tysdag 27. mai kl. 08.30

og me slutter førskuledagen kl. 13.00. Kommunen ordnar diverre ikkje med skyss til førskule-elevane. Me ber difor om at foreldre/føresette ordnar dette sjølv, eventuelt samordnar skyssen.

Det er fint om du tar med deg mat og frukt til førskuledagen. Mjølkk får du på skulen. Har du innesko er det fint om du tar dei med deg til å bruke inne i klasserommet. Du må òg ha med uteklede som passar til veret.


Har du lyst, kan du ta med deg boka du fekk den dagen du var på innskriving.

Viss du vil at foreldra dine eller ein annan vaksen skal vera med deg, kan du gjerne be dei vera med.

Då ønskjer me deg vel møtt til skulen og håpar at du og dei andre på første årssteg til hausten, får ein fin dag i lag på skulen.

Med helsing

Sverre Eikanger
rektor



Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Til